



Gry Sveen (til venstre) og Inki-Storleer i Det Lille Musikkteater har laga nok ei vakker oppsetting. «Spindelvev» er blitt ei vakkert poetisk framføring av eventyret om såpekokarkona Ana. FOTO: TERJE BRINGEDÅ

# Lyse og mørke krefter

## TEATER

Teater Avant Garden  
«SÅPEBOBLER OG  
SPINDELVEV»

Av og med  
Det Lille Musikkteater

Manus: Gry Sveen,

Inki Storleer og

Anne Mali Sæther

Instruktør:

Anne Mali Sæther

Musikk: Arve Furseth

Dei som er med: Inki

Storleer og Gry Sveen

DET LILLE Musikkteater har knapt rukke å ta den særns vare og poetiske performanceproduksjonen «Kameleonens Hus» av plakat, før dei er på scena att med ein lyrisk teaterversjon av eit persisk eventyr. Her er det fullt av poetiske bilde, god musikk og bra framføring, jamvel om det kanskje blei noko lågmælt og stillestående til tider.

Utgangspunktet er eit persisk eventyr, overlevd av ein iranar i Trondheim, og attdikta av Gry Sveen. At ho har ei lyrisk åre har ho synt før, og alt i tekstgrunnlaget er dette blitt særns poetisk. Såpekokarane Ana (Gry Sveen) får ikkje selt såpane sine, blir hundsda av vaktene på marknadsplassen, og har mørke kroker med spindelvev og edderkoppar heime. Ho har det med andre ord ikkje så godt. Om edderkoppen er ei slags sjølvpålagt underking eller eit verkeleg insekt, er vanskeleg å få heilt tak på, men dette er slett ikkje avgjerande for å få utbytte av historia. Inn kjem den lyse, lettbeinte og vevre «dottera av sola» (Inki Storleer) som hjelper henne til å få att trua på seg sjølv, lage meir velluktande såpe, og som lar lyset sleppe til hjå Ana. Om ho verkeleg er dotter av sola, eller berre ei vanleg aveliknande jente, er også

litt trasig å få tak på. Her ligg fleire tolkingsnøklar, og for teateropplevinga kan det vere ein fordel, men ertersom dette også er eit stykke mynta på barn, trur eg noko meir burde ha blitt fortalt i klårtekst.

Framsyinga er full av bilde, — vakre bilde. Scenografien er nøktern; enkle draperi som endrar karakter ved effektfull lyssetting. Det meste av scenerommet ligg ope mellom publikum og aktørar og gir m.a. rom for å illudere marknadsplassen. Likevel følte eg det var for stor fysisk avstand til det som skjedde, og at ei tettare scene ville ha skapt meir intimitet.

Gry Sveen illuderer den gamle oppgitte kona godt, og ikkje minst inderleg. Inki Storleer er akkurat så vever, lettbeint og grasiøs som eg kan tenke meg dotter av sola må vere. Dei to utfyller kvarandre godt. Til tider kunne dei gjort hand-

linga litt tettare, for jamvel om dette er visuell lyrikk så blei det av og til vel overlande.

Musikken er uløysleg vevd saman med bilda og teksten, og som i «Kameleonens Hus» veks lyd, lys og bilde saman til eit heile. Arve Furseth har hatt ei sterk hand med både komposisjon og framføring.

At dette stykket er blitt til, syner kva for ressurs eit «meir fargerikt Norge» kan vere. Denne typen kulturpåverknad er noko heilt anna og meir positivt enn den invasjon av glatt amerikansk colakultur vi har hatt i etterkrigstida. Framsyingar som «Spindelvev» kan kanskje vere med på å bryte ned norsk kulturilt hovmot og gjere oss litt meir audmjuke og opne, eller sagt med terminologien frå stykket — kvitte oss med edderkoppane og la lyset sleppe til.

AMUND GRIMSTAD